

### **Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020

### **Tilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar 2020**

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 1 752 000 kr i tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar slik:

Søndagsskolen Bergen krets	75 000
Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM speidere	90 000
Ryvarden krins av N. speider forbund	80 000
Søndagsskolen Karmsund- Sunnhordaland	50 000
KFUK-KFUM Sogn og Fjordane	120 000
4H Hordaland	127 000
4H Sogn og Fjordane	300 000
Hordaland Røde Kors	110 000
Ung i kor vest	100 000
Miljøagentene i Vestland	60 000
Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM	140 000
Ung kyrkjesong vest	80 000
Hordaland barne- og ungdomssjakk	30 000
Hyperion vest	80 000
CISV Hordaland (+ SFj)	100 000
Hordaland krets av Norges speider forbund	130 000
Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM	80 000
<b>SUM:</b>	<b>1 752 000</b>

Det vert vist til vedlegga med oversikt over søkjavarar for grunngjeving av vedtaket.

## Samandrag

Vestland fylkeskommune har motteke 21 søknader om tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering har sett av 1 752 000 kr i budsjettmidlar til tilskotsordninga. Fylkesdirektøren tilrår at det blir løyvd tilskot til 17 av organisasjonane.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef kunst- og kulturutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Driftstilskot regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, tilråding og grunngjeving 2020
- 2 Utrekning, driftstilskot regionale barne- og ungdomsorganisasjonar 2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i møte 3. april 2020 retningslinjer for tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Hovudutvalet sette av 1 752 000 kr frå budsjettposten *Ymse barne- og ungdomsformål* til tilskotsordninga.

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar vart lyst ut i april med søknadsfrist 1. juni. Ved søknadsfristen var det kome inn 21 søknader frå ulike organisasjonar.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har tidlegare støtta frivillige regionale barne- og ungdomsorganisasjonar gjennom midlar frå fylkeskommunen. Tilskotsordninga til drift av regionale barne- ungdomsorganisasjonar byggjer på tilskotsordninga i Hordaland, med nokre endringar. I tilskotsordninga i Hordaland la ein berre vekt på kvantitative faktorar som medlemstal, tal lokallag, tal kommunar med lokallag etc. I den nye tilskotsordninga er det også tatt inn kvalitative faktorar som aktivitetsnivå, utviklingsarbeid, opplæringsarbeid, skulering i demokrati, samarbeidstiltak og arbeid opp mot dei regionale kulturplanane i vurderinga.

### Føremål med ordninga

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar skal legge til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar. Ordninga skal fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Driftstilskotet skal styrke organisasjonen sitt arbeid med demokratiskulering, organisasjonsutvikling og organisasjonsopplæring av barn og ungdom, og legge til rette for at medlemene sjølv står for utøving av organisasjonen si verksemd.

#### Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2020: 1 752 000 kr

Søknadsfrist 2020: 1. juni 2020

Vedtak kriteria / retningslinjer: [3. april 2020](#)

Kriteria og informasjon om ordninga: [Nettsida vestlandfylke.no](#)

#### Vår 2020

Tal på søknadar: 21

Tal på søknadar som er innstilt for tilskot: 17

Samla søknadssum: Søkjarane legg ikkje inn søknadssum

Samla løying: 1 752 000 kr

#### Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:

Vestland fylke har ei stor breidde innan dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane.

Organisasjonane sine føremål og aktivitetar spenner frå kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, til politisk arbeid, humanitært arbeid, helse og livssyn.

Tilskotsordninga til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar skal gå til organisasjonar med barn og ungdom som hovudmålgruppe. I vurderinga av søknadene ser fylkesdirektøren på både kvantitative kriterium, som medlemstal, tal kommunar med aktivitet, tal lokallag, tal tilsette i organisasjonen og kor stor del av medlemsmassen som er under 26 år. Vidare blir det gjort ei kvalitativ vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå, utviklingsarbeid, opplæringsarbeid,

demokratiskulering, samarbeidstiltak og om organisasjonane oppfyller mål og satsingar i dei regionale kulturplanane.

Fylkesdirektøren har også sett på driftstilskotet organisasjonane fekk tildelt i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er eit mål for fylkesdirektøren å unngå at organisjonar taper store inntekter samanlikna med tidlegare tildelingar, og nokre av midlane i ordninga har blitt brukt for å unngå slike uheldige utslag. I all hovudsak gjeld dette 4H Sogn og Fjordane som dei seinare åra har fått 300 000 kr i driftstilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesdirektøren foreslår derfor ei videreføring av tilskotet på same nivå i 2020. For dei andre organisasjonane som er tilrådd støtte har tilskotssummen auka samanlikna med driftstilskotet for 2019.

For å kunne få støtte må organisasjonane gjennom vedtekten vise at dei innfrir ein del krav. Det er også definert kva organisasjonar som ikkje kan få støtte gjennom ordninga. Fylkesdirektøren tilrår å løyve tilskot til 17 av organisasjonane som har søkt, då desse gjennom vedtekten og aktivitetane i organisasjonen støttar opp under føremålet og stettar krava i retningslinjene for tilskotsordninga.

Fylkesdirektøren tilrår å avslå fire av søknadene om tilskot, då søknaden etter fylkesdirektøren si vurdering ikkje stettar krava i retningslinjene. Grunngjeving for kvar enkelt av søknadene finst i vedlegget til saka, men fylkesdirektøren ønskjer likevel å utdjupe nokre av vurderingane som er lagt til grunn for tilrådingane om avslag.

*Ungdomsutvalet i Hordakrinsen* er utval under Det Frivillige Skyttarvesen (DFS) på regionnivå. Fylkesdirektøren tilrår avslag på søknaden då ungdomsutvalet ikkje er ein eigen organisasjon med eigne vedtekter. I søknadsskjemaet er det DFS i Hordaland som står som ansvarleg søker. Fordelinga av medlemsmassen aldersmessig og vedtekten i DFS syner at barn og unge under 26 år ikkje er hovudmålgruppa, slik retningslinjene for tilskotsordninga stiller krav om. Vidare ligg aktiviteten i DFS nært opp mot idrett. I retningslinjene for ordninga blir det slått fast at det ikkje vert gitt støtte til «organisasjonar som har idrett/sport eller mosjon som sin hovudaktivitet». Ungdomsutvalet i Hordakrinsen har tidlegare mottatt tilskot som regional barne- og ungdomsorganisasjon frå Hordaland fylkeskommune. Retningslinjene for tilskotsordninga i Vestland fylkeskommune er meir tydelege på kva som skal til for at organisasjonane skal kunne få støtte gjennom ordninga. Fylkesdirektøren tilrår difor avslag på søknaden frå DFS.

*Norges Astma- og allergiforbund region vest* søkte ikkje om tilskot frå tilsvarende ordning i Hordaland fylkeskommune. Fylkesdirektøren tilrår å avslå søknaden om tilskot, då organisasjonen gjennom vedtekten og i aldersfordelinga mellom medlemene ikkje ser ut til å ha barn og ungdom under 26 år som hovudmålgruppe.

*NLM Ung region vest* er Norsk Luthers Misjonssamband (NLM) sin ungdomsorganisasjon. I føremålet for organisasjonen, nedfelt i vedtekten, står m.a. at «NLM ung vil arbeide i samsvar med den teologiske og strategiske retning som Norsk Luthersk Misjonssambands generalforsamling, hovedstyre og rådsmøte legger for arbeidet.» I grunnreglane til NLM står det m.a. om generalforsamlinga i § 5 at "Alle delegater må [...] ha fylt 18 år". Det står vidare i grunnreglane, § 8, at "[...] Hovedstyret har sammen med rådsmøtet et særlig læreansvar på vegne av hele organisasjonen og består derfor av menn. [...]" og i § 13 at "Rådsmøtet har sammen med hovedstyret et særlig læreansvar på vegne av hele organisasjonen og kan overprøve vedtak i hovedstyret av læremessig karakter. Det består derfor av menn. [...]" I normallover for NLM sine regionar står det i punkt 5.1: "[...] Regionstyret sine medlemmer må ha fylt 18 år og berre menn kan veljast til styreleiar".

NLM Ung region vest sine vedtekter slår fast at organisasjonen skal arbeide i samsvar med moderorganisasjonen NLM si generalforsamling, hovedstyre og rådsmøte. Fylkesdirektøren ser at NLM sine grunnreglar og normallover for regionar bryt med retningslinjene for ordninga som slår fast krav om at organisasjonane gjennom vedtekten må "gje medlemene i organisasjonen fulle demokratiske rettar frå fylte 15 år", og vidare at det ikkje vert gitt støtte til "organisasjonar som har diskriminerande innhald i vedtekten sine og / eller i aktivitetar". På bakgrunn av dette tilrår fylkesdirektøren at søknaden blir avslått. NLM Ung region vest har tidlegare fått støtte gjennom tilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar i Hordaland fylkeskommune, men etter ei grundig vurdering av vedtekten vurderer fylkesdirektøren det slik at organisasjonen ikkje stettar krava for å få støtte gjennom retningslinjene for ordninga i Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren tilrår også å avslå søknaden fra *Sogn og Fjordane ungdomslag*. Dette fordi retningslinjene slår fast at "organisasjonar som får driftstilskot gjennom andre støtteordningar og etter budsjettvedtak i Vestland fylkeskommune" ikkje kan få støtte gjennom ordninga. I 2020 har Sogn og Fjordane ungdomslag fått innvilga driftstilskot frå fylkeskommunen gjennom tilskotsordninga *prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv*. Tilskotet gjennom prosjekt- og tiltaksordninga er å sjå på som eit eingongstilfelle i 2020, i samband med overgangen til ny fylkeskommunane. Fylkesdirektøren vil tilrå at organisasjonen frå 2021 får driftstilskot på budsjettlinje gjennom fylkestinget sitt budsjettvedtak i desember 2020.

## Absolutte kriteria

### Krav til søker

Dei regionale frivillige organisasjonane som blir tildelt støtte må gjennom vedtekten:

- a) vere medlemsbasert, demokratisk og ha aktivitet for barn og unge under 26 år som hovudmålgruppe
- b) gje medlemene i organisasjonen fulle demokratiske rettar frå fylte 15 år.
- Medlemer under 15 år må også ha reell moglegheit til å påverke i organisasjonen.
- c) ha eit tydeleg føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for fylkesledd / regionalledd
- d) vise til at organisasjonen er fylkes-/ regionalt ledd som koordinerer aktivitet for lokallag i Vestland
- e) vise til at organisasjonen har eit ideelt (ikkje-kommersielt) mål og vil fremje føremålet til støtteordninga
- f) vise til at organisasjonen ikkje skapar hinder for full deltaking for barn og ungdom frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering

### Det vert ikkje gitt støtte til:

- organisasjonar som har idrett/sport eller mosjon som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har diskriminerande innhald i vedtekten sine og / eller i aktivitetar
- organisasjonar med tidsavgrensa føremål
- særorganisasjonar for barn og unge under utdanning
- organisasjonar som har aktivitetar som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning
- organisasjonar som får driftstilskot gjennom andre støtteordningar og etter budsjettvedtak i Vestland fylkeskommune
- organisasjonar som kan få driftstilskot frå statlege organ på regionale nivå, t.d. politiske parti og trus- og livssynssamfunn

## Vurderingskriteria

### Vurdering

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

1. Kor mange teljande medlemer organisasjonen har under 26 år. For å vere teljande må medlemen ha betalt kontingenent det føregåande året.
2. Kor mange kommunar i Vestland den regionale organisasjonen har aktivitet gjennom lokallag.
3. Kor mange lokallag som er tilslutta organisasjonen sitt regionale ledd.
4. Kor stor del av medlemsmassen som er under 26 år. Barn og unge må vere hovudmålgruppa til organisasjonen.
5. Om organisasjonen har tilsette.
6. Organisasjonen sitt aktivitetsnivå og utviklingsarbeid.
7. Organisasjonen sitt opplæringsarbeid og arbeid med skulering i demokrati.
8. Organisasjonen sine samarbeidstiltak med andre organisasjonar og grupper.
9. I kva grad organisasjonen oppfyller mål og satsingar i regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, *PREMISS:KULTUR* og/eller i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-

2027, *Kultur for alle*. Desse planane gjeld i det geografiske området dei er vedteke i fram til ny regional plan for kultur i Vestland er vedteke.

I vurderinga av søknadene vil fylkeskommunen sjå på både det kvantitative, som tal medlemer, lokallag og kommunar, og det kvalitative, som gjeld mellom anna aktivitetsnivå, utviklingsarbeid, opplæringstiltak og samarbeidstiltak. 50% av tilskotet til kvar enkelt søker er basert på ei kvantitativ vurdering som gjeld punkta 1 til 5 ovanfor. Resterande 50% av tilskotet blir løyvd basert på ei kvalitativ vurdering som gjeld punkta 6 til 9.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tilrådinga om tilskot er i tråd med vedtak gjort i hovudutval for kultur, idrett og integrering 3. april 2020. Hovudutvalet sette då av 1 752 000 kr til denne tilskotsordninga frå budsjettposten *Ymse barne- og ungdomsfremål*. På budsjettposten står det i alt 2 152 000 kr. Dei resterande midlane på 400 000 kr vart av hovudutvalet sett av til ei tilskotsordning til regionale ungdomsparti.

**Klima:** Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at tiltaka det blir søkt om støtte til har monaleg klimaavtrykk

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** I regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*er barne- og ungdomsfrivilligheita viktige tiltaksområde.

#### Konklusjon

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane i Vestland er viktige arenaer for barn og unge si organisasjonslæring, samfunnsengasjement, medverknad og demokratiutvikling. Fylkesdirektøren er glad for at Vestland fylkeskommune kan auke støtta til barne- og ungdomsfrivilligheita gjennom tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, og tilrår at fylkeskommunen løyver driftstilskot til i alt 17 organisasjonar i 2020.